



ÅRSMELDING 2025

– SOGNDAL IDRETTSLAG FOTBALL



Visjon:

Utviklingsarena for toppfotball

Kjerneverdier:

Ambisiøse

Utviklande

Inkluderande

Ærlege



1. Verksemda

Sogndal IL Fotball blei stifta 19. februar 1926 og er ein fotballklubb frå saftbygda Sogndal. Klubben spelar sine heimekampar på Fosshaugane Campus. Konsernet omfattar òg Fosshaugane AS, som eig og driftar eigedomsmassen på Fosshaugane Campus, samt Idrettssenteret AS.

Sogndal eFotball AS blei stifta i 2022 og er 100 % eigd av Sogndal IL Fotball. Selskapet skal drive med utvikling og utleige av e-sportsrelaterte tenester.

Samtlege verksemdar har tilhaldsstad i Sogndal kommune.

Styret 2025-2026

Leiar:	Jan Rune Årøy
Nestleiar:	Trude Ramstad
Styremedlemar:	Andrea Solbakken
	Øyvind Heimset Larsen
	Nina Munthe Olsen
	Knut Armand Iversen
	Tom Rune Kongelf

Det har vore halde 19 styremøte i perioden.

Administrasjon

Sogndal Fotball har i 2025 hatt ein administrasjon tilsvarande 5,3 årsverk, med ansvar for dagleg drift, økonomi, arrangement, marknad og kommunikasjon. Administrasjonen arbeider tett med styret og dei sportslege miljøa for å sikre heilskapleg drift og utvikling av klubben.

Dagleg leiar var frå august i periodar sjukemeld. Dette påverka ressursdisponeringa i administrasjonen, men klubben løyste situasjonen gjennom intern omfordeling av oppgåver og tett involvering frå styret og øvrig administrasjon for å sikre kontinuitet i drifta. Frå 1. desember vart det tilsett konstituert dagleg leiar for å etablere ei meir permanent ordning i fråværet av dagleg leiar.

Arbeidsmiljø og HMS

Sogndal IL Fotball har i 2025 hatt eit tydeleg fokus på helse, miljø og sikkerheit (HMS) for å sikre eit trygt og inkluderande arbeidsmiljø for alle tilsette. Det vart i løpet av året ikkje registrert arbeidsulykker som resulterte i sjukefråvær, og heller ingen mindre skadar. Det er gjennomført risikovurderingar og sett i verk tiltak for å redusere risikoen for ulykker og helseplager.



Sjuefråværet i klubben i 2025 fordelte seg slik at 10 personar hadde korttidsfråvær og 5 personar langtidsfråvær. Dette inkluderer også A-lagsspelarar. Det er iverksett tiltak for å redusere sjuefråværet, mellom anna gjennom tett oppfølging av sjukemeldte og tilrettelegging av arbeidsoppgåver der det har vore mogleg.

Klubben har saman med Idrettssenteret AS og Fosshaugane AS ei eiga HMS-gruppe som følgjer opp retningslinjer og systematisk arbeid innan helse, miljø og sikkerheit.

Likestilling og inkludering

Sogndal IL Fotball ønskjer likestilling og mangfald i alle ledd av organisasjonen. Ved årsskiftet var kjønnsfordelinga blant dei tilsette 4,5 % kvinner og 95,5 % menn. I styret var fordelinga 3 kvinner og 4 menn. Klubben har fokus på å fremje likestilling i rekruttering av både tilsette og styremedlemmer, og arbeider aktivt for å oppnå betre kjønnsbalanse over tid.

Klubben er oppteken av kontinuerleg forbetring og vil halde fram med å evaluere og vidareutvikle tiltak for å sikre eit inkluderande og rettferdig arbeidsmiljø for alle tilsette. Dette omfattar både rekrutteringsprosessar, kompetanseutvikling og organisasjonskultur.

Verv i NFF og innsats for landslaga

Sogndal IL Fotball har også i 2025 vore representert i sentrale verv i Norges Fotballforbund (NFF):

- Håvard Flo – Disiplinærutvalet
- Margrethe Svidal – Konkurransesutvalet

Klubben har i tillegg fleire tilsette med viktige roller knytt til landslagsarbeid, og som har gjort ein betydeleg innsats i 2025:

- Terje Skjeldestad – Kvinnelandslaget
- Geir Stenebjørn – Landslagsskolen
- Morten Olsen – Landslagsskolen

Styret ser det som både viktig og positivt at klubben bidreg med kompetanse og ressursar inn mot nasjonalt fotballarbeid. Dette styrkjer både klubben sitt faglege miljø og relasjonen til det sentrale utviklingsarbeidet i norsk fotball.

Ansvar og berekraftsforhold

Sogndal IL Fotball og selskapa me eig påverkar omgjevnadane gjennom vår aktivitet. Me har som ambisjon å bidra positivt til klima og miljø, sosiale forhold og organisasjonsutvikling, forankra i klubben sin strategi.

Me støttar alle berekraftmåla til Dei sameinte nasjonane, men prioriterer særleg:



- Mål 3 – God helse og livskvalitet: Idretten skaper aktivitet, meistring og glede.
- Mål 4 – God utdanning: Me utviklar menneske på og utanfor bana.
- Mål 8 – Anstendig arbeid og økonomisk vekst: Verksemda bidreg til arbeidsplassar og verdiskaping.
- Mål 9 – Industri, innovasjon og infrastruktur: Me utviklar og byggjer berekraftig infrastruktur.
- Mål 11 – Berekraftige byar og lokalsamfunn: Me er ein sentral samfunnsaktør i Sogn og Vestland.
- Mål 17 – Samarbeid for å nå måla: Me når resultatane gjennom samarbeid og partnerskap.

Openheitsrapportering

Sogndal IL Fotball er omfatta av Åpenhetsloven, vedteken av Stortinget i juni 2021 og gjeldande frå 1. juli 2022. Lova omhandlar sosial berekraft og pålegg verksemda å kartleggje, førebyggje og avgrense negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Dette gjeld både eigen organisasjon og forhold vi bidreg til, samt leverandørar og underleverandørar.

Styret meiner at klubben, i samarbeid med administrasjonen og gjennom aktivitetane som er gjorde greie for i årsmeldinga, har:

- vore medviten det ansvaret verksemda har
- gjort seg kjend med eigen påverknad på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold
- sett i verk tiltak for å redusere faktisk eller mogleg negativ påverknad
- følgt opp og vurdert effekt av tiltaka
- informert om tiltak og korleis dei verkar
- sørge for gjenoppretting der skade har skjedd

Fullstendig utgreiing om arbeidet etter openheitslova er tilgjengeleg på klubben sine nettsider: <https://www.sogndalfotball.no/om-klubben/apenheitsrapportering-sogndal-fotball>

2. Økonomi 2025

Økonomisk utvikling og budsjettavvik

Rekneskapen for 2025 viser at inntektssida enda 4,4 mill. kroner under budsjett. Dei største avvika gjeld sponsorinntekter og treningsavgifter, samt lågare inntekter frå andre arrangement, særleg treningshelger.

Kostnadssida var 6,8 mill. kroner høgare enn budsjettet. Om lag 60 % av meirforbruket er knytt til personalkostnader, litt under 20 % til A-laget, medan om lag 10 % gjeld kostnader som høyrer til 2024. Elles er det mindre avvik på dei øvrige postane. Auken i personalkostnader heng i stor grad saman med høgare overskot frå spelarlogistikk, der sal av spelarar har gitt rom for ei styrkt sportsleg satsing i og rundt A-laget.



Resultatet vert styrkt av betydelege inntekter frå spelarsal. Også etter frådrag for sakskostnader og avskrivningar knytt til spelarinvesteringar er netto bidrag frå spelarlogistikk høgt, og dette gjer at samla resultat vert betre enn budsjettet.

Styret vil peike på at berekrafta i klubbøkonomien i stor grad er avhengig av spelarsal. Vel 25 % av kostnadsnivået vert i realiteten dekkja gjennom overskot frå spelarlogistikk. Spelarsal er ein del av klubben sin forretningsmodell og vil utan tvil bli ein stadig meir vesentleg del av inntektene i framtida. Klubben har ein solid modell for spelarlogistikk, og har per i dag fleire attraktive salsobjekt i stallen.

Omsetnad og resultat

Rekneskapen for 2025 syner samla driftsinntekter på 65,8 mNOK mot 78,1 mNOK for 2024. Resultat før skatt viser eit overskot på 1,5 mNOK mot 9,25 mNOK for 2024.

Konsernet har samla driftsinntekter på 116,2 mNOK mot 124,3 mNOK i 2024. Resultat etter skatt viser eit overskot på 6,7 mNOK mot 10 mNOK i 2024.

Kontantstraum og balanse

Kontantstraumen frå drifta til klubb var i 2025 positiv med 4,3 mNOK mot 5,8 mNOK i 2024. Hovudårsaken til dette er spelarsal. For konsernet samla er kontantstraumen frå drifta i 2025 positiv med 20,8 mNOK, mot 25,4 mNOK i 2024. Kontantstraum frå investeringar er for konsernet negativ med mNOK 70,2 i 2025 og mNOK 39,8 i 2024. Tilsvarande er kontantstraum frå finansiering positiv med mNOK 54,4 i 2025 og mNOK 5,4 i 2024. Både kontantstraum frå investeringar og finansiering er i all hovudsak knytta til bygging og finansiering av Svingen som blei fullført hausten 2025.

Endring i totalkapitalen i klubb relaterer seg i det alt vesentlege til auka bankinnskott. I klubb er eigenkapitalen betra med 1,5 mNOK og kortsiktig gjeld redusert med 0,7 mNOK i 2025. Det gode resultatet i 2025 skuldast i all hovudsak spelarsal. Vidaresal av Ørjasæter, sal av Flataker og andre salsinntekter gav klubben ei nettoinntekt på om lag 21,5 mNOK.

Totalkapitalen for konsernet har også auke i 2025. I meldingsåret vart prosjektet Svingen (byggeår 2024–2025) ferdigstilt. Utbygginga er finansiert gjennom låneopptak, refusjon av meirverdiavgift og bruk av eigenkapital. Ein vesentleg del av eigenkapitalen er bygd opp gjennom avdragslette på tidlegare låneopptak. Samla langsiktig låneopptak knytt til etableringa av Svingen er 67 millionar kroner, med ei nedbetalingstid på 30 år.

Klubben si største utfordring er likviditet. Store spelarsal gir store inntekter, men ein avgrensa del vert betalt «up front», noko som utfordrar likviditeten. Uteståande fordringar var per 31.12.2025 på 11,9 mNOK, i all hovudsak knytt til spelarsal. Uteståande fordringar har dei siste fire åra auka med 8 mNOK. Klubben har difor inngått avtale med banken om å utvide kassakreditten til 6 mNOK ved behov.



Selskapet har ein likviditetsreserve som er vurdert som tilstrekkeleg per balansedagen, men nivået gir begrensa handlingsrom ved uforutsette hendingar. Arbeidskapitalsituasjonen er under kontroll, men både kundefordringar og leverandørgjeld følgjes tett for å sikre at betalingsevna blir opprettheldt.

Det er per balansedagen ikkje identifisert forhold som gir grunn til å anta vesentleg likviditetsrisiko, men leiinga er bevisst på at eventuelle forseinkingar i innbetalingar eller auka kostnader kan påverke situasjonen. Leiinga vil difor vidareføre ei nøktern styring med fokus på å redusere kostnader i komande periode.

Dotterselskapet Fosshaugane AS har hovuddelen av lånekapitalen i konsernet. Låneporteføljen består av langsiktige lån frå kommunane Sogndal kommune og Luster kommune, samt frå Innovasjon Norge og Sparebanken Norge. Løpetida frå oppstart har variert mellom 20 og 30 år. Dei siste låna er etablerte som grønne lån i Sparebanken Norge, og har ein nedbetalingsprofil på 30 år. Fosshaugane AS har jamlege møte med hovudbank, minimum to gonger per halvår. Klubbleiinga deltek minst to gonger årleg. Det er tett dialog knytt til utvikling i nøkkeltal, nedbetalingstid og øvrige lånevilkår.

Den finansielle marknadsrisikoen for klubben er primært knytt til sportslege resultat og spelarlogistikk. Tilskot av mediepengar er direkte knytt til sportslege prestasjonar. Sportsleg suksess gir auka attraktivitet og dermed auka inntekter, medan svakare sportslege resultat vil ha motsett effekt.

Fosshaugane AS er framleis i brot med eit av lånevilkåra ovanfor banken per 31.12.2025 som gjeld uteståande til klubb. Det er innhenta waiver frå banken knytt til dette forholdet.

For konsernet er den største finansielle risikoen knytt til renteutvikling og vidare utvikling og vekst i regionen, då Fosshaugane AS har stor renteberande gjeld og vesentlege leigeinntekter som kan bli påverka. Det er gjort store investeringar i Svingen i 2025, og ein har byrja å motta leigeinntekter frå prosjektet.

Fortsatt drift

Grunna eit godt driftsår i 2025 er eigenkapitalen styrka med 1,5 mNOK. Framleis er om lag 33 % av eigenkapitalen tapt, og selskapet har stram likviditet. Styret har difor vedteke ein handlingsplan med ei rekkje tiltak for å betre situasjonen.

Tiltaka omfattar mellom anna:

- Auke av treningsavgifter, sesongkort, påmeldingsavgifter og deltakarkort (Lerum Cup, Kiwi Bama Cup, OBOS-Camp, Akademi), stipulert til 0,5 mill. kroner.
- Auke av prisar på arrangement av treningshelger og tiltak knytt til kampdag i OBOS-ligaen (til dømes kronekamp og Målklubben), stipulert til 0,5 mill. kroner.
- Auke av marknadsinntekter og gåver, stipulert til 1 mill. kroner.



På kostnadssida er målet å halde nivået frå 2025, trass i inflasjon og prisvekst. Det er etablert nye rutinar for kostnadskontroll og tydeleggjering av ansvarsområde i tråd med vedteke budsjett. Handlingsplanen inneheld òg fleire tiltak for betre kostnadskontroll.

Styret vurderer at det ligg meirverdiar i spelarrettar som ikkje er reflektert i bokførte verdiar. Sal av spelarar med rekneskapsmessig gevinst underbyggjer dette. For 2026 forventar styret eit negativt resultat på 3,5 mNOK, basert på tiltaka som er iverksette.

På dette grunnlaget stadfestar styret at årsrekneskapen er utarbeidd under føresetnad om fortsatt drift. Selskapet har teikna styreansvarsforsikring for styremedlemmer og dagleg leiar. Forsikringa dekkjer mogleg økonomisk ansvar knytt til utøving av verv og leing av selskapet, innanfor gjeldande vilkår og rammer.

Framtidsutsikter

Framtidsutsiktene for klubben vert vurderte som positive, men usikre. Det positive ligg i store meirverdiar i spelarrettar og spelarstall. Usikkerheita er knytt til den raske utviklinga i kostnadsnivået i norsk fotball, særleg innan spelarlogistikk og spelarløner. Klubben si satsing på eigenutvikling og verdiskaping i spelarstall vil kunne gi positive utslag over tid.

3. Sportsleg rapport

Sportsplan

Sportsplanen er klubben sitt overordna styringsdokument for all sportsleg aktivitet, frå barnefotball til toppfotball.

Planen tek utgangspunkt i klubben sitt formål – toppfotball og breiddefotball – og visjonen om å vere ein utviklingsarena for toppfotball. Kjerneverdiane ambisiøs, utviklande, inkluderande og ærleg skal vere synlege i all aktivitet.

Sportsplanen gir tydelege føringar for differensiering, jambyrdigheit, hospitering, turneringsspel og spelarovergangar, og beskriv rollar og ansvar for spelarar, trenarar, lagleiarar og klubbfunksjonar. Planen er forankra i styret og eigd av klubben si sportslege leing, og vert revidert årleg for å sikre at han er i tråd med klubbens mål og utvikling.

A-laget

Til 2025-sesongen var det eit nytt trenarteam på plass på Fosshaugane Campus. To portugisarar vart henta inn med Luis Pimenta som hovudtrenar og Miguel Barata som assistenttrenar. Resten av teamet bestod av ressursar som allereie var i klubben.

Rune Bolseth gjekk frå trenarteamet på A-laget til utviklingsavdelinga i rolla som trenarutviklar.



Det vart innført ein ny dagsrytme, med justeringar av det som tidlegare hadde vore praksis. Gjennom vinteren vart det henta inn fleire spelarar som var tilpassa Luis og Miguel sin spelmodell. Luis var tydeleg på at år éin av prosjektet skulle vere eit implementeringsår – med innarbeiding av nye rutinar både på og utanfor bana.

Sesongstarten vart tøff med to knepne tap mot Start (borte) og Aalesunds FK (heime). Etter dette fekk laget fart på skuta, og 3-poengarane byrja å kome jamt.

Sesongen vart likevel prega av svingingar i prestasjonar og resultat. Til slutt hamna ein utanfor topp seks og kvalifiseringsplass.

OBOS-ligaen

- 8. plass
- 43 poeng
- Målskilnad: 49–48

Poengfordeling:

- Vårsesong: 21 poeng
- Haustsesong: 22 poeng
- Heimebane: 20 poeng
- Bortebane: 23 poeng

Toppscarar:

- Oliver Hintsa – 14 mål

NM Cup 2025

Cupåret var spesielt som følgje av omlegging av turneringa, med finale våren 2026. Det vart difor gjennomført to cupturneringar i 2025.

I den første cupen tapte me på straffesparkkonkurranse mot Kongsvinger IL Toppfotball i 3. runde. I den andre cupen vart det tap mot IL Bjarg i 1. runde.

Spelarstall 2025:

Lars Larsson Jendal
Daniel Gjerde Sætren
Ard Ragnar Sundal
Diogo Brás
Ronny Otieno
Jamal Haruna (utlånt til Skeid hausten 2025)
Mathias Øren (utlånt til Åsane hausten 2025)
Sander Ask Granheim
Per Egil Hough Flo



Rasmus Holten (på lån frå Brann hausten 2025)
Martin André Sjølstad
Andreas Kalstad
Martin Høyland
Isaac Twum (del av troppen dei tre første månadane av 2025)
Jacob Blixt Flaten
Lukass Vapne
Vegard Hagen
Marius Årøy
Kristoffer Steinset (til Raufoss august 2025)
Kasper Skaanes
Tuomas Pippola (signerte august 2025)
Fábio Sturgeon (signerte august 2025)
Oliver Hintsa
Emmanuel Mensah (utlånt til Raufoss hausten 2025)
Erik Hovden Flataker (til AIK august 2025)
Joakim Nundal
Sebastian Pedersen (signerte mars 2025)
Preben Asp (signerte august 2025)

Støtteapparat 2025:

Terje Skjeldestad – sportssjef
Luis Pimenta – hovudtrenar
Miguel Barata – assistenttrenar
Patrik Karoliussen – toppspelarutviklar
Geir Stenehem – keepertrenar
Morten Olsen (til NFF april 2025) / Martin Natvig (innleigd etter Morten reiste) – analyse
Kasper Lie – fysisk trenar
Vegard Bjørklund – fysioterapeut
Anders Rosø – klubblege
Dag Martin Fardal – materialforvaltar

2025 vart eit år prega av ny retning og nytt fundament. Med implementering av ny spelmodell, nye rutinar og fleire nye spelarar vart sesongen eit viktig steg i utviklingsprosjektet – eit år der grunnmuren vart lagd for vidare framgang i åra som kjem.

Utviklingsavdelinga

Utviklingsavdelinga i Sogndal Fotball skal vere ein tydeleg utviklingsarena for toppfotball, med mål om å utvikle spelarar til eigen A-stall og til høgare nasjonalt nivå. Avdelinga er eit sentralt bindeledd mellom breiddefotball og toppfotball, og omfattar utviklingsløp frå elitetiltak i yngre årsklassar til NG14, NG15, NG17 og NG19/Sogndal 2.



Modellen byggjer på systematisk hospitering og tett samarbeid mellom breidde og akademi, kombinert med ei heilskapleg tilnærming til spelarutvikling. I tillegg til sportsleg progresjon vert det lagt stor vekt på haldningar, ansvar, profesjonalitet og klubbkultur.

Utviklingsavdelinga har i 2025 bestått av:

- Anders Stadheim – utviklingsansvarleg
- Rune Bolseth – trenarutviklar
- Torgrim Hjelle Eltvik – spelarutviklar
- Atle Undlien – spelarutviklar
- Anton Sekkingstad – spelarutviklar
- Elias Østensen – spelarutviklar
- Endre Kupa – spelarutviklar (til 01.06.2025)
- Adrian Gjengår – spelarutviklar / ansvarleg Sogndal Akademiet
- Martin Selle – keeperansvarleg
- Nils Tore Krosshaug – trenar Sogndal 2

Sogndal 2 / G19

Sogndal 2 vann Kretsligaen (4. divisjon) i 2025 og rykker opp til Norsk Tipping-ligaen i 2026. Følgande spelarar vart kretsmeistrar for senior i Sogn og Fjordane:

Viljar Stavø, Elias Flo, Mohammad Ali, Elling Kvåle, Sverre Stavø, Linus Heggstad, Kristian Kongelf, Markus Bringaas, Ard Sundal, Bjørnar Eggum, David Kongelf, Sander Heggstad, Andreas Kalstad, Hans Grønningsæter, Sigve Ølmheim, Emil Hillestad, Kriss H. Bonabandi, Theo Westgård, Kristian Nord, Khadar Ibrahim, Mats Skjeldestad, Marius Årøy, Julian Madsen, Lukas Tangedal, Sondre Herfindal, Martin Østli, Mathias Ravnstad, Lukas Vigdal, Jonas Sætre, Ulrik Svensøy.

I G19-NM rauk laget ut mot Fana i 3. runde. I nasjonal serie møtte ein Vålerenga, Brann og Strømsgodset i gruppespelet. I B-sluttspølet vart Bodø/Glimt slått i kvartfinalen, medan Viking blei for sterke i semifinalen.

Spelartropp G19 nasjonal serie/NM:

Andreas Kalstad, Ard Ragnar Sundal, Daniel Sætren, David Kongelf, Elias Svedal Flo, Elling Ingeson Kvåle, Emil Lunde Hillestad, Jonas Henjesand Sætre, Khadar Abdi Ibrahim, Kristian Kongelf, Kristian Johannessen Nord, Linus Heggstad, Lukas Tangedal, Mathias Krogh Ravnstad, Mats Wehn Skjeldestad, Mohammad Ali, Sigve Årdal Ølmheim, Sondre Solstad Herfindal, Sverre Stavø, Theo Ruud Westgård og Viljar Stavø.

Støtteapparat:

Nils Tore Krosshaug (trenar), Kristoffer Valsvik (trenar), Martin Selle (keepertrenar), Kasper Lie (fysio), Morten Rørstadbotten (lagleiar).



Nasjonal G17

Spelartropp:

Ulrik Svensøy, Jakob Kalstad, Arne Flatane, Fabjan Tafa, Sigve Årdal Ølmheim, Mads Nilsen, Selamawi Tsegay Alem, Mats Wehn Skjeldestad, Jonas Henjesand Sætre, Theo Ruud Westgård, Jøran Julusmoen Bakk, Nikolai Pedersen Døsen, Julian Gjervik Madsen, Bjørnar Aaland Eggum, David Kongelf, Emil Steinsøy Kvam, Gaute Sørli Verlo, Kristian Johannessen Nord, Kristian Sandvik, Lukas Lemvik Vigdal, Kristoffer Svori Moe, Sondre Solstad Herfindal, Sverre Stavø, Mads Christensen, Rikhardur Daniel Finnsson Maack.

Nasjonal G15

Spelartropp:

Erik-August Flo, William Aarseth Kjellefold, Luka Hole, Julian Heggstad, Markus Føleide Skinlo, Emil Steinsøy Kvam, Petter Magnussen, Vetle Knapstad, Brage Sandrason Bakkane, Brage Enebø Grøv, Jørgen Holm Holen, Magdalon Sætre Veum, Mats Wehn Skjeldestad, Oscar Johannessen Bakke, Teodor Trovåg Løvik, Mathias Johnsen Af Geijerstam, Kristian Sandvik, Andreas Bjørnetun Sandvik, Valentin Rørvik Solheim, Kairon Sande Rennestraum, Martin Halveg Nistad, Andreas Eimhjellen, Adrian Buene-Søreide, Gloire Rishare, Samson Bakke, Sivert Kvam Høyheim, Sander Hagen Kjelsnes, Leon Solheim Eriksen, Andreas Stensvoll Mikkelsen.

Støtteapparat:

Atle Undlien og Anton Sekkingstad (trenarar), Martin Selle (keepertrenar), Kasper Lie (fysio), Hans Petter Sandvik (lagleiar).

NG14

Spelartropp:

Thorvardur Jonsson, Nikolai Svori Moe, Jakub Trzepalowski, Andreas Mikkelsen, Christian Frøyset, Emil Bell Folland, Erik August Flo, Filip Sunde, Henrik Breivik Øvstetun, Julian Sandal, Leon Solheim Eriksen, Lucas Brandsdal, Lukas Hauge, Markus Flugheim, Mats Eikenes Tjellhaug, Nikolai Lekva, Noah Ommedal, Noah Leander Engesæter, Lennart Førde Austrheim, Sigve Hove, Jonas Nilsen, Aleksander Fardal, Magnus Eckhoff, Mats Vindedal, Eirik Farestveit Østerbø, Endre Hillestad, Omarzai Hotak, Markus Sægrov Djupvik, Mahdi Ahmed Idris og Ulrik Hatteland.

Støtteapparat:

Endre Kupa, Anton Sekkingstad, Adrian Gjengår og Elias Østensen.

Tiltak og referansearenaer

Klubben deltok i 2025 på elitetiltak for G12 (Hamar, Mjøndalen), G13 (Hamar, Skien), G14 (Oslo) og G15 (Skien). G16 deltok på IFK Göteborg Invitational med kampar mot IFK Göteborg, Ørgryte, Stabæk og Sirius.



Samla sett viser 2025 ei utviklingsavdeling med høg aktivitet, solide sportslege prestasjonar og eit styrkt fundament for vidare utvikling mot A-laget.

Breiddefotballen

Breiddeavdelinga i Sogndal Fotball held fram som ein av dei største klubbane i NFF Sogn og Fjordane, med om lag 600 medlemmer og ein høgare jenteandel enn både krets- og landssnittet. Aktiviteten er høg gjennom heile året, driven fram av rundt 120 frivillige trenarar og lagleiarar som kvar veke legg ned ein stor innsats for å sikre eit trygt og inkluderande fotballtilbod for barn og ungdom.

I 2025 var det registrert 231 jenter og 283 gutar som aktive spelarar, i tillegg til 118 trenarar og lagleiarar. Organiseringa av breiddeavdelinga vart leia av breiddekoordinator Kristian Ask saman med breiddeutvalet, som arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle aktivitetstilbodet i klubben.

Sportsleg har 2025 vore eit svært godt år. Klubben kan vise til fleire sterke prestasjonar, mellom anna kretsmeisterskap i klassane J13–14, J15–17 og for Sogndal 2 på herresida. I tillegg har laga markert seg nasjonalt med gull i J14-klassen under Lerum Cup, bronse i J16-klassen i Norway Cup og sølv i Adidas Cup for J16.

Klubben har vidareført satsinga på utvikling gjennom Miniakademiet og Sogndal Akademiet, og har også gjennomført både OBOS-campar og fotballskule med svært god deltaking. Ungdomslaga har fått vidareført det å få spele kampar på Fosshaugane Campus, noko som har vore svært positivt mottatt.

Klubben held fram arbeidet med likestilling i breiddefotballen gjennom likeverdige tilbod og treningsavgifter for jenter og gutar, betre rekruttering til oppstartskull og styrking av ungdomsfotballen. Arbeidet med å styrkje jente- og kvinnefotballen har òg gitt fleire spelarar moglegheit til deltaking på turneringar og utviklingstiltak.

Sesongen vart avslutta med felles samling for trenarar og lagleiarar, som har etablert seg som ein viktig møteplass for evaluering og fellesskap. Sesongevalueringane viser ønskje om tettare klubboppfølging, betre utstyrsordningar og vidare utvikling av struktur og prioriteringar framover.

Sogndal Fotball deltek også i NFF sitt pilotprosjekt Kvalitetsklubb+, som skal utvikle framtidens klubbdrift gjennom styrkt inkludering, samarbeid med lokalsamfunnet og vidareutvikling av spelar- og trenerløp.

Samla sett viser 2025 ein klubb med høg aktivitet, sterk frivillig innsats og eit breiddetilbod som både utviklar spelarar og skaper tilhøyrse i lokalsamfunnet.



Sogndal United

Sogndal United er eit tilrettelagt fotballtilbod for personar med fysisk og psykisk funksjonsnedsetting, og samlar deltakarar frå både Sogndal og nærliggande område. Tilbodet byggjer på inkludering, meistring og trivsel, der alle får delta på eigne premisser og oppleve fotballglede og sosialt fellesskap.

Laget har hatt faste treningar kvar torsdag i Sognahallen, leia av trenarane Mia Eriksen og Julie Slattum Pettersen. I tillegg til den ordinære aktiviteten deltok laget på landsturnering i Bergen i 2025.

Sogndal United er eit tydeleg uttrykk for klubben si satsing på inkluderande aktivitet, og er eit viktig bidrag til å realisere visjonen om at fotball skal vere for alle. Aktiviteten har vore stabil og positiv gjennom året.

4. Arrangement og dugnad

2025 har vore eit rekordår for arrangement i regi av Sogndal Fotball. Lerum Cup sette nye rekordar med 349 lag, over 900 kampar og om lag 12 000 besøkande. Også Kiwi Bama Cup samla nær 200 lag og fleire tusen tilreisande. Turneringane er viktige møteplassar – både sportsleg og sosialt – og stadfestar rolla til klubben som ein sentral arrangør i regionen.

Klubben gjennomførte 15 OBOS- og NM-kampar på Fosshaugane Stadion. Rapporterte publikumstal viser over 30 000 selde billetter gjennom sesongen. Arrangementa skaper både fotballglede og viktige inntekter, og styrkjer posisjonen til klubben som samlingspunkt i bygda.

Det faktiske oppmøtet har variert gjennom året, og ein har sett ein nedgåande trend i frammøte på kampar på Fosshaugane Stadion. Dette er ei utvikling klubben må ta på alvor. Arbeidet med å styrkje publikumsengasjementet vert eit viktig satsingsområde framover, og vil stå sentralt i planlegginga inn mot 2026-sesongen. Her ligg det også store moglegheiter, ikkje minst i at 2026 er eit jubileumsår for klubben. Å skape nye møteplassar, styrkje identitet og tilhøyrslø og vidareutvikle arrangementa er eit langsiktig arbeid som vil ha høg prioritet.

Eit avgjerande fundament for all arrangementsgjennomføring er den frivillige innsatsen i klubben. I snitt stiller rundt 40 frivillige opp til kvart einaste kamparrangement, i tillegg til det omfattande arbeidet som vert lagt ned gjennom heile året. Denne dugnadsinnsatsen er heilt avgjerande for at klubben kan levere arrangement av den kvaliteten vi ser i dag.

5. Samfunnsutvikling

I 2025 har klubben vidareført og styrkt rolla si som sentral samfunnsaktør i Sogndal og regionen. Verksemda har hatt stor og variert aktivitet gjennom heile året, med daglege treningsøktar, treningskampar og obligatoriske kampar, i tillegg til utleige av baner og gjennomføring av større



cuparrangement. Slik legg klubben til rette for både eigen aktivitet og eit breitt idrettstilbod for andre lag og miljø.

Det blir lagt stor vekt på å sikre gode og tilgjengelege anlegg for eigentrening. Ved Idrettssenteret får mange høve til individuell trening. Senteret vart i august nyopna etter omfattande oppussing og ombygging, noko som har styrkt både tilbodet og attraktiviteten for brukarar i regionen. Fellesareala ved stadion og i Sognahallen er opne store delar av døgnet og bidreg til lågterskel fysisk aktivitet for heile befolkninga.

Gjennom klubben og dotterselskapa blir det utvikla anlegg og aktivitetstilbod for born og unge frå barnehage til høgskule. Idrettshallar, klatrevegg, treningssenter og sosiale møteplassar skaper trivsel, bulyst og lokal verdiskaping. Fosshaugane AS spelar ei nøkkelrolle i utviklinga av Fosshaugane Campus, som stadig er i vekst.

I 2025 ferdigstilte Fosshaugane AS bygget Svingen, med ei totalramme på 109 millionar kroner (inkl. mva.). Bygget representerer eit viktig løft for vidare næringsutvikling i området og er utvikla med tydeleg berekraftsfokus. Det er tilpassa EUs taksonomikrav for miljøbygg, der betongkonstruksjonen i grunn og første etasje er bevart, medan resten av bygget er reist i tre for å redusere klimabelastninga.

Målet er at eigen aktivitet knytt til topp- og breiddeaktivitet skal vere energinøytral og eit tydeleg bidrag til det grøne skiftet på Fosshaugane. Fjordenergi skal ta seg av meir kjøling om sommaren, omlegging til LED skal redusere energiforbruket til lys, og solceller skal bidra til auka eigenproduksjon av straum. Fosshaugane AS er sertifisert Miljøfyrtårn og arbeider systematisk med miljøleing i tråd med krava i ordninga.

Styret i Sogndal IL Fotball vil rette ei stor takk til frivillige, tilsette, samarbeidspartnarar og alle andre som har bidrege gjennom sesongen. Dette fellesskapet er eit avgjerande fundament for klubbdrifta og den vidare utviklinga av både klubb og lokalsamfunn.

Sogndal 3. mars 2026

Styret i Sogndal IL Fotball

Jan Rune Årøy

- styreleiar -

Trude Ramstad

- nestleiar -

Andrea Solbakken

- styremedlem -

Knut Armand Iversen

- styremedlem -



Nina Munthe Olsen

- styremedlem -

Tom Rune Kongelf

- styremedlem -

Øyvind Heimset Larsen

- styremedlem -

Ingrid Narum

- konst. dagleg leiar -